

Tusen takk!

I DESSE KORONA-TIDER sender vi i lokalavisene ei stor takk til alle dykk som held lokalsamfunnet vårt i gang. Helse- og omsorgsarbeidrarar, transportørar, renovasjonsarbeidrarar og kommunearbeidrarar er berre fire døme på yrkesgrupper som fortener stor respekt og ei varm helsing i desse dagar. Vi tenkjer også på handverkarar, industriarbeidrarar, butikkfolk og mange andre i servicenæringane som gjer så godt dei kan i tøffe tider. Alle fortener ei stor takk for den viktige jobben som blir gjort.

Også vi i lokalavisene gjer arbeidet vårt så godt vi kan medan korona-viruset pregar samfunnet. Lokalavisa formidlar det som skjer på godt og vondt. Mange av oss i avisene arbeider frå heimekontoret, men vi byr likevel på nyhende og praktisk informasjon som har noko å seie for kvar dagen til alle i distriktet vårt. Å vere lim og lupe er jobben vår heile året, men samfunnssoppdraget til lokalavisene er kanskje viktigare enn nokon gong i desse dagar.

Du finn mykje nytlig avisstoff her i papirutgåva, men bruk også nettavisa vår. På nett og mobil får du viktige nyhende frå dag til dag, nærast frå time til time!

Du som les avisা vår, fortener også ei stor takk. Det gjer også annonsørane våre, både store og små, offentlege og private. Abonnements- og annonseintektene gjer det mogeleg å lage lokalavis i dag, men også til hausten. Når vi vonleg er tilbake til meir normale tider.

La oss i mellomtida ta godt vare på kvarandre.



Denne annonsen er eit samarbeid mellom lokalavisa di og Landslaget for lokalaviser (LLA). Du vil kanskje sjå ho fleire gonger i desse tider.

Ei takk kan ikkje seiast for ofte! Sjå nettsidene til avisа eller www.llla.no for meir informasjon.